



At det er eit myldrande liv i turngruppa fekk dei sanne som i kveld var innom Aktivitetshuset og næraste omegn.

Oppslutnaden er stor og mange foreldre har også denne sesongen gjort ein god jobb som instruktørar.

Ikkje nok med at rundt rekna 20 som har gått på idrettsskulen hadde sykkelløp med både praktiske og teoretiske prøvar og flott premiering. Starten skjer på biletet under.

Like før hadde barnetrimmen med 25 deltakarar hatt karneavslutning inne. At det var ei sjarmerande gruppe går i høgste grad fram av det øverste biletet.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

